

Norges Fjordhestlag  
Myrøldhaug  
6770 Nordfjordeid

Referat styremøte  
Norges Fjordhestlag

Møte: 11/16  
Tid: Mandag 05.desember 2016 kl. 20.00  
Type: Skype

Desse møtte:  
Janne Seilen  
Anne Karin Løken  
Knut R. Thunheim  
Vidar Heggheim  
Lisbeth Strandum  
Jenny Johnsen

Saker til orientering etter førre møte :

- Økonomi ved Asle
- Møte i fagutval nasjonale hesterasar ved Janne
- Hoppelinjeprojektet

**Sak 65/16: Godkjenning referat møte 10/16**

**Vedtak:**

*Referat frå møte 10/16 godkjent.*

**Sak 66/16: Nye dommarkandidatar frå NFL.**

**Vedtak:**

*Norges Fjordhestlag i samarbeid med Norsk Hestesenter vil utarbeide kriterium for uttak av dommaraspirantar. Kompetanse, erfaring, habilitet/inhabilitet, tillit m.m. er viktige moment som må vurderast. Det er viktig at Norges Fjordhestlag handsamar alle innkomne forslag likt, både dei namna som er kjende og dei som ein ikkje kjenner så godt. Ein ber forslagstillarar om å utarbeide ein CV for føreslegen kandidat, med informasjon om erfaring og kompetanse, samt ei grunngjeving frå laget der laget sin argumentasjon for denne kandidaten kjem fram. Dette vil vere viktig informasjon for styret i Norges Fjordhestlag og for Norsk Hestesenter ved uttak av aspirantar. Frist for tilbakemelding av CV frå lokallaga er sett til 01.02.2017.*

**Sak 67/16**

**Barnas Fjordhestlag.**

**Vedtak:**

*Styret i Norges Fjordhestlag gjev styringsgruppa i Barnas Fjordhestlag mandat til å utarbeide plan over aktivitetane.*

**Sak 68/16**

**Ny leiar i aktivitetsutvalet.**

**Vedtak:**

*Styret i Norges Fjordhestlag gjev leiar i aktivitetsutvalet fritak for vervet. Ny leiar i aktivitetsutvalet fram til årsmøtet 2017 er Lisbet Strandum.*

referent

Asle Espe